

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
16.12.08

Arkivsak : 08/453 -
Arkivkode: 111

Sakshandsamar: Audun Hovland/Helge Drange

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	02.12.08	PS 125/08
KOMMUNESTYRET	16.12.08	PS 47/08

EIGEDOMSSKATT I TYSNES KOMMUNE 2009

- Vedlegg:**
- 1. Eigedomsskattevedtekter**
 - 2. Utdrag frå KS-grunnkurs om eigedomsskatt**

SAKSUTGREIING:

Frå skatteåret 2007 vart det vedteke ei endring av eigedomsskatteleva som opna for innføring av generell eigedomsskatt i kommunane. Før dette har kommunane kunna skriva ut eigedomsskatt på verk og bruk, eigedomar i tettbygdestrøk eller begge delar. No har kommunane eit anna val til: Generell eigedomsskatt. Dette inneber at all fast eigedom som f.eks hytter, verksemder, telenett, bustader og tomter blir skatteobjekt.

Fylkesmannen reknar med at fleire Hordalandskommunar vil innføra eigedomsskatt i tida som kjem.

Kommunestyret avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen. Eigedomsskatt er ein objektskatt, og det inneber at kommunen skattlegg eigarar av eigedomane i kommunen utan omsyn til kvar desse bur eller kor god råd dei har. Vedtak må gjerast kvar haust i samband med budsjettet. Kommunestyret vedtek då kva for alternativ som skal gjelde komande år, dvs *verk og bruk* og/eller *eigedomar i tettbygd strøk* eller *generell eigedomsskatt*. Samstundes skal kommunestyret vedta kva sats som skal gjelda. Maksimalsatsen er 7 % (sju promille) av venta omsetningsverdi pr.1. januar, minimumssatsen er 2 %. Maksimalsatsen *første år* er 2 %, og maksimal årleg auke i satsane er 2 % - eller 3 % i året for tomter utan hus og/eller for bustader kor eventuelt botnfrådrag blir innført. Er botnfrådrag vedteke innført av kommunestyret, skal kommunestyret kvart år vedta storleiken på botnfrådraget.

Kommunestyret kan og vedta å halda særskilte geografiske område utanfor eigedomsskatten.

Skattegrunnlaget er omsetningsverdien på objektet 1.januar i skatteåret. Alminneleg omtaksering skal skje kvart tiande år, men det kan/bør bli gjort omtaksering i løpet av 10-årsperioden om særskilte forhold tilseier det.

For å kunna krevja inn eigedomsskatt i 2009, må me ha lagt ut skattelistingane INNAN UTGANGEN AV JUNI 2009 – dette krev ekstern hjelp og streng prioritering av eigne ressursar for å koma i hamn.

Kommunestyret gjorde følgjande prisippvedtak i møte 11.09.08, i sak 31:

"Tysnes kommune innfører eigedomsskatt for heile kommunen med verknad frå 01.01.09 etter eigedomsskatteloven §§ 3 og 4..

Endeleg skattevedtak, terminar og eventuelt botnfrådrag vert gjort i samband med budsjettmøtet for 2009.

Tysnes kommune skal nytta ordninga med sakkunnig nemnd, sakkunnig ankenemnd og "besiktigelsesmenn" i samband med taksering. Kommunestyret skal oppnemna sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd

Rådmannen får mandat til å etablera ei prosjektgruppe for innføring av eigedomsskatt, etablera eit eigedomsskattekontor, tilsetja "besiktigelsesmenn", og engasjera profesjonelle takstmenn for å taksera verk og bruk og næringsseigedommar.

Rådmannen lagar framlegg til vedtekter for eigedomsskatt i Tysnes kommune i samsvar med eigedomsskatteloven § 10.

Rådmannen skal laga framlegg til om kommunen skal fritta kategoriar av eigedomar etter eigedomsskatteloven § 7, samt om og ev. kor lenge nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert brukt som bustad skal fritakast eigedomsskatteloven § 7 bokstav c.

Driftsbudsjettet skal reduserast med 3,5 mill i 2009 og med 3,5 mill i økonomiplanen for 2010.

Eigedomsskatten skal øyremerkast investeringar."

VURDERING:

Tysnes kommune er ein av fleire kommunar i Hordaland som til no ikkje har hatt noko form for eigedomsskatt. Samstundes er det slik at eigedomsskatt er ein legitim måte å skaffa inntekter på. Ved årleg tildeling av skjønsmidlar og i "budsjettgodkjenningsskriva" peikar stadig fylkesmannen på at kommunen ikkje har nytta inntekspotensialet sitt fullt ut. I Tysnes har grunnlaget for eigedomsskatt vore ganske lite, grunna spreidd busetting og lite omfang på verk og bruk. Lovendringa gjer at dette grunnlaget ser noko betre ut.

ØKONOMISKE KONSEKVENSAAR:

Rådmannen legg til grunn ei 2009-inntekt på 4,5 millionar på bustadeigedomar/ fritidseigedommar og 0,9 millionar på eigedomsmassen elles ved innføring av eigedomsskatt i Tysnes. Bustadmassen inkludert fritidseigedomar kan vera på om lag 2.800 einingar, med ein salsverdi på i gjennomsnitt 0,8 millionar. For kvar av desse husstandane vil eigedomsskatten utgjera i snitt 1.600 kroner. Det er då ikkje lagt til grunn noko botnfrådrag det første året. Kostnaden ved innføring av eigedomsskatt er vanskeleg å seia noko sikkert om, men

budsjettframlegget legg til grunn ca. 2,4 million. Mykje av dette vil vera knytt til takseringsarbeidet, som i hovudsak vil bli gjort kvart tiande år. I og med at taksering til no ikkje er gjort, er inntekta her laust stipulert. Endeleg skatteinngang vil kunna avvika ein del.

Det er grunn til å tru at innbyggerane generelt ikkje vil ropa "hurra" for innføring av eigedomsskatt. Men på den andre sida vil alternativet til eigedomsskatt vera ein reduksjon i det totale tenestetilbodet.

Regelverket knytt til eigedomsskatt legg ikkje opp til innføring av nye særordningar for dei med lita betalingsevne. Tilfelle med betalingsvanskar vil måtta bli handsama individuelt innafor gjeldande ordningar i kommunen.

Formannskapet sitt budsjettframlegg for 2009 legg til grunn at eigedomsskatt vert innført frå 01.01.09 slik at bruttoinntekta blir på ca. 5,4 millionar kroner.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det med verknad frå 01. 01. 2009 innført eigedomsskatt på faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2009 er på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2009.

Nyoppført bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære vert friteken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i ein termin i innføringsåret; 15.10.09.

Vedlagde eigedomsskattevedtekter vert godkjente slik dei ligg føre. Desse dannar blant anna grunnlaget for taksering og utskriving av eigedomsskatt i kommunen.

Som sakkunnig nemnd er følgjande valt:

John Hagen	varamedlem	Jan Hatteberg
Kristen Vines	"	Lars Enes
Beate Storesætre	"	Rigmor Hansen

Leiar: John Hagen
Nestleiar: Kristen Vines

Sakkunnig ankenemnd er p.t. ikkje valt.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 02.12.08:

I samsvar med innstilling.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 16.12.08:

Rådmannen informerte om at då saka vart handsama i formannskapet i møte den 2. desember, vart administrasjonen beden om å undersøkje om det kunne brukast om lag følgjande formulering i høve "5 - års husa" istadenfor den formuleringa som no står i framlegget frå formannskapet:

" Personar som er fast busette(Folkeregisterførte) i Tysnes kommune og bur i bygning/husvære som stod ferdig for under 5 år sidan, kan etter søknad verta fritekne for eigedomsskatt i samsvar med eigedomsskattelova § 7 c. Kommunestyret kan til ei kvar tid endra eller oppheva denne fritaksregelen."

Administrasjonen har vore i kontakt med "KS - advokat" Hans O. Bang, og han har 11. d.m. gjeve slik tilbakemelding:

" Finansdepartementet har i en fortolkningsuttalelse lagt til grunn at fritidseiendom faller utenfor fritaksbestemmelsen i eiendomsskatteloven § 7 bokstav c. Departementet har pekt på at det avgjørende for skillet mellom bolig og fritidseiendom må være hvorvidt eiendommen "er egnet som slik bolig, herunder at det ikke foreligger kommunalt forbud mot slik bruk". Det innebærer at eiendommer som etter plan- og bygningsloven kun er godkjent som fritidseiendom ikke kan betraktes som bolig etter eiendomsskatteloven § 7 bokstav c. Fritaksvedtaket bør reflektere dette."

Det var semje i kommunestyret om å gå for formannskapet sitt framlegg i saka. Likevel slik at ovanstående opplysningar skulle takast inn i kommunestyret si møtebok og vera del av premissane når den delen av vedtaket som gjeld "5 - års husa" skal praktiserast/tolkast.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 16.12.08:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det med verknad frå 01. 01. 2009 innført eigedomsskatt på faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2009 er på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2009.

Nyoppført bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære vert friteken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i ein termin i innføringsåret; 15.10.09.

Vedlagde eigedomsskattevedtekter vert godkjente slik dei ligg føre. Desse dannar blant anna grunnlaget for taksering og utskriving av eigedomsskatt i kommunen.

Som sakkunnig nemnd er følgjande valt:

John Hagen	varamedlem	Jan Hatteberg
Kristen Vines	"	Lars Enes
Beate Storesætre	"	Rigmor Hansen

Leiar: John Hagen
Nestleiar: Kristen Vines

Sakkunnig ankenemnd er p.t. ikkje valt.